

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Gunnar Steine

57 65 56 09

10/704/GST
/G10/

30.12.2010

MELDING OM VEDTAK

Sak 80/10 Høyringsvar vedk. ny folkehelselov og ny helse- og omsorgslov.

Kommunestyret i Leikanger kommune handsama saka i møte 16.12.2010 og gjorde fylgjande vedtak:

Leikanger kommunestyre gir fylgjande høyringsvar om ny folkehelselov og ny kommunal helse- og omsorgslov:

- Støttar framlegget om at ein større del av helsetenestene skal ytast av kommunehelsetenesta. Meiner det vil gi større nærleik til tenestene og det vil vera meir kostnadseffektivt for samfunnet
- Ved auka ansvar til kommunen kan ein lettare tilpasse tenestene til lokale behov og ein kan lettare gi koordinerte tenester til pasientar.
- Støttar framlegget om at det skal vera ei plikt for kommunen å syte for å ha eit døgntilbod til pasientar som treng døgnopphald for observasjon, undersøking og behandling. Det vil krevja ei betydeleg satsing på lokalmedisinske sentra eller utvida kapasitet og høgare fagleg nivå på sjukeheimar. Styrking av legevakttenesta må og vera ein del av ei slik endring, slik at kommunen har høg kompetanse i vaktteneste på døgnbasis.
- Framlegga vil krevja at kommunane vert tilført store ressursar. Det vil ta tid å byggje opp ei slik teneste og det vil truleg tvinga seg fram interkommunale ordningar. Det bør stimulerast økonomisk for å få gjennomført slike endringar.
- Støttar framlegget om å leggja ansvaret for folkehelsearbeidet til kommunen i staden for til kommunehelsetenesta som no. Slik skal alle sektorane i kommunen bli meir med i arbeidet med å førebygga utvikling av sjukdom. Dersom ei slik satsing på førebygging skal redusera presset på helsevesenet må det satsast i stor skala og med heilt andre ressursar enn i dag. Kommunen vil trenga tid på å bygge opp ressursar og kompetanse for å ta eit slikt ansvar, for å få oversikt over

faktorane som påverkar helsa i kommunen, og for å finne gode tiltak for å møte utfordringane i kommunen.

- **Det er mykje i samhandlingsreforma som er uavklart og mange moment skal koma i forskrift frå departementet etter kvart. Dette gir departementet meir styring og i praksis mindre styring til kommunane og fagfolka. Det vil kunna gi mindre høve for lokal tilpassing, og ein kan miste ordningar som fungerer godt i dag. Generelt skeptisk til at eit så viktig regelverk for kommunane skal bestemast i forskrift av departementet og ikkje gjennom lovvedtak i Stortinget.**

Med helsing

Gunnar Steine
oppvekst- og omsorgssjef